

Olje og Energi Departementet
Energi og vannressursavdelinga

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Arkiv:	Sakshandsamar:	Dato:
201206714-28	08.06.16			Bent V. Kårstad	22.07.16

Klage på vedtak – Avslag på konsesjon til bygging av Rørvik kraftverk i Askvoll kommune i Sogn og Fjordane – utfyllande kommentarar.

Viser til e-post frå Erlend Støle Hansen der vi blir gjeve frist til 22. juli med å supplere anken med ein oppdatert arealbruksplan.

Som nemnt i anken les vi at avslaget hovudsakeleg er begrunna med at tiltaket medfører store naturinngrep. Vi vil med dette presentere ein ny arealbruksplan (vedlagt) der vi mellom anna har teke vekk vegane til inntaka, samt at vi har foreslått ei løysing på korleis vi skal skjære gjennom Høgehammaran utan at det vert store irreversible inngrep. Denne løysinga er supplert med bileter frå nyleg bygde kraftverk som syner korleis sluttarronderinga kan gjerast.

Røyrtrase

Generelt er det å seie at nedre del av røyrtraseen går gjennom tett skog som framstår som tett og uframkommelig, og innbyggjarane i Rørvik vil sjå det som positivt at her vert rydda opp for å få lettare tilkomst til å ta ut skog, samt å betre tilgangen til beitemark. Ved å sakse skogryddinga unngår ein at det vert ståande att eit rett belte utan vegetasjon.

Vi har no gått meir inngåande inn i røyrtraseen og konstruert ein lengdeprofil som ligg vedlagt med påførte grøftedjupner for kvar 10 meter. Profilet syner at det ikkje er behov for mykje massetransport i traseen. Arealbruksplanen som følgde med konsesjonssøknaden synte at det skulle flyttast masser frå Høgehammaran og nedover i traseen for å få nok overdekning til røyra. Det er imidlertid ikkje snakk om verken stort masseuttak eller stort deponi, det var innteikna på arealbruksplankartet for å tydeleggjere at det i dette området er behov for ein viss massetransport. Det er ikkje snakk om å fylle ut store deler av terrenget nedstrøms Høgehammaran, det er kun snakk om å legge tilstrekkeleg med massar til å etablere ei sikker røyrgate med tilstrekkelige omfyllingsmasser. Ut frå eksisterande kartgrunnlag vert botn røyr liggande ca 0,5 meter under dagens terreng der den ligg på det grunnaste. Dersom vi antar ei nødvendig overdekning på 1 meter vil dette seie at terrenget må lettast med 1,5 meter. Dette gjeld i to små strekk frå pel 430-450 og frå pel 450-460. Så små terrengjusteringar er ikkje mogleg å sjå i ettertid når alt er jamna til, og iallfall er det ikkje mogleg å sjå dette frå turstien mot Blegja.

Når det gjeld massetak så er nok dette også litt uklart beskrive i konsesjonssøknaden. Høgehammaran må riktignok skytast ned med 7-8 meter på det djupaste for å etablere



røyrgrøfta, men her er mogleg å fylle på igjen med fleire meter overdekning slik at berre toppen av veggen vert synleg. Figur 2 og 3 nedanfor syner eit eksempel på korleis slik arrondering kan gjerast, og situasjonen på biletet vil vere ganske representativ for korleis det kan sjå ut etter sluttarrondering rundt Høgehammaren. Her tenker vi oss at vi skyt ned knausen mot elva (på austsida av traseen) slik at det ikkje vil stå igjen ein «port» med fjellhammar på begge sider. Ved å skrå massane oppover mot hammaren vil vi skjule det meste av fjellveggen slik at det blir eit naturleg inntrykk.

Alternativt, dersom det ikkje er behov for massar andre stader i traseen, kan ein gjere som vist på figur 4 og 5 under. Bileta viser ein før- og etter situasjon av ei røyrgate med nokonlunde same problemstilling der ein må skjære gjennom ein djup hammar. Her var det også 7-8 meter djup grøft gjennom hammaren. Her vart det kun skote ei grøft gjennom hammaren (ikkje skote ned den eine sida) og fylt jord opp i skråningane på kvar side og anlagt ein mur mellom fjellskråningane. Dersom ein vil skjule skråningane heilt på kvar side av røyrgata kan ein trekke ein plastringsmur til framkanten av fjellveggen og jordslå skråningen og på den måten «ta vekk» synleg fjell.

Massetaket og massedeponiet som var teikna på arealbruksplanen er no tekne vekk frå planen fordi vi meiner at ein viss masseflytting internt i ein røyrtrase er nødvendig i dei fleste kraftverk med typisk vestlandsnatur, slik som er tilfelle for Rørvik kraftverk.



Figur 1: Bilete teke frå oppstrøms kraftstasjon. Høgehammaren litt til høgre i biletet. Planlagt trase innteikna med raudt. Den midlertidige anleggsvegen vil ligge lite synleg frå vegen då den ligg goymd bak høgehammaren





Figur 2: Arrondering av røytrase ved sidan av djup skjæring. Røytrase innteikna med raud strek innmed hammaren



Figur 3: Bilete av same skjæringa sett frå nedsrøms side. Skjæringa er oppe til høgre i biletet





Figur 4: Før inngrep, fjellhammaren kan skimtast bak lauvtræa



Figur 5: Etter inngrep, det er fylt opp masser til 2 meter frå topp eksisterande terreng og mura opp mellom fjellet på begge sider. Alternativt kunne muren vore trekt lenger fram og vorte jordslått dersom ein ville skjule fjellet heilt.

Vi vil i detaljplanlegginga av kraftverket samarbeide med ein landskapsarkitekt når det gjeld det krevjande partiet rundt Høgehammaren for å få ei så optimal landskapsmessig løysing som mogleg.

Vegbygging

Rørvik Kraft SUS ser på vegar i dette område som eit gode, då dette i stor grad ville lette arbeidet med å ta ut skog, samt å betre tilgangen til beiteområdet i dalen ovanfor Reset i Stølselva. Men som nemnt i klageskrivet så er vi no villige til å ta vekk alle permanente vegar i samband med kraftutbygginga. Dette vil sannsynlegvis betre totaløkonomien for utbygginga noko, då helikopterkostnadane for å fly utstyr og betong til inntaka truleg er lågare enn bygginga av vegar som er gode nok for å frakte betong- og lastebilar opp til inntaka. Men hovedgrunnen til å fjerne vegane er for å i vesentleg grad minske terrenginngrepa som opprinneleg var planlagt. Det må påreknast nokre svingar rundt Høgehammaren for transport av røyr og singel med dumper, men her kan terrenget i stor grad tilbakeførast til opprinneleg terreng etter endt anleggsarbeid. Anleggsveg er merka på arealbruksplanen.

Inntak

Sidan inntaket i Storelva og Stølselva begge fungerer som hovudinntak er det naudsynt at begge ligg på nøyaktig same høgde. Plasseringa av inntak er i hovudsak bestemt ut frå kvar det er best å bygge inntak i Storelva. Her er det fossefall både ovanfor og nedanfor planlagt stad for inntak. Inntaket til Storelva vil verte synleg frå turstien i eit kort parti rett nedstrøms inntaket. Arealbruksplanen viser staden der inntaket er synleg frå turstien. Det er og verdt å nemne at i nedre deler av turstien er det kun sporadiske punkt der tiltaket vil verte synleg frå turstien pga tett vegetasjon mot elva. Elva er generelt lite synleg frå turstien med unntak av nederste del der stien går langs elva eit stykke. Sjølve stien vil ikkje bli berørt av anleggsarbeid.

Vi innser at arealbruken i konsesjonssøknaden har hatt for lite fokus på å minimere terrenginngrepa, og at ein del av det som er skrive i søknaden og vist på kart er uklart framstilt. Vi vil med dette be om at dei endra planane og den nye arealbruksplanen vert tekne til følgje i sakshandsaminga til OED.

På vegne av Rørvik Kraftverk SUS




Bent Vidar Kårstad


Sunnfjord Energi - Småkraftgruppa

Vedlegg: Arealbruksplan, lengdeprofilteikning





A	19.07.16	Endra arealbruk ved Hagehamaren	Byk			
Rev.no	Rev.dato	Revisjonen gjelder	Rev.av	Kontrollert	Godkjent	
 SUNNFJORD ENERGI AS			Modell.dwg			
			#S - nr. 2			
Tittel: Rørvik Kraft Arealbruksplan			Dato:		Tegnet/konstr.:	
			05. september 2014		Byk	
			Kontrollert:		Godkjent:	
			Målestokk:		Format	
			1:2500			
			Prosjekt:			
Selskap:		Tegningsnummer:		Rev.no	Status	Side nr. 2
				A		



PROFIL NR.	580	600	650	700	750	800	850	873
HOR.KURV.	L 73.47		R 172.00				L 71.18	
PROFIL H.	146.58	147.15	148.40	149.42	150.52	151.70	152.92	154.13
TERRENG H.	147.67	148.81	149.81	150.95	152.39	153.86	155.30	156.76
Dybde bunn rør	153 m		254 m				254 m	
MTRL. & DIM I MM								